



Ålfotbreen verneområdestyre

Møteprotokoll

Utval: Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad: Flora samfunnshus, Florø
Dato: 16.12.2016
Tidspunkt: 13:00 – 15:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hege Lothe	Leder	
Jan Henrik Nygård	Medlem	
Gunn Sande	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Audun Åge Røys	NESTL	

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marius Strømmen	Audun Åge Røys	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 13/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 14/2016	Godkjenning av protokoll frå førre møte		
RS 5/2016	Orienteringssaker		
ST 15/2016	Ålfotbreen verneområdestyre - Instruks for handtering av ulovlege forhold		2016/9
ST 16/2016	Ålfotbreen landskapsvernområde - Bestillingsdialog for 2017		2016/9
ST 17/2016	Ålfotbreen verneområdestyre - Møteplan for 2017		2016/9
ST 18/2016	Besøksstrategi for Ålfotbreen landskapsvernområde		
ST 19/2016	Eventuelt		

ST 13/2016 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader

ST 14/2016 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå førre møte vert godkjent og signert av styremedlemmane

Vedtak:

Protokoll frå møte 2/2016 vart godkjent og signert

RS 5/2016 Orienteringssaker

- **Bruk av tiltaksmidlar i 2016**

Ålfotbreen verneområdestyre fekk 280.000 i tiltaksmidlar over bestillingsdialogen i 2016. Desse er fordelt på to tiltak/føremål:

- Støtte til bygging av molo på Mettenes: 140.000
- Støtte til bokprosjekt – Arve Sandal/Skald forlag: 100.000

- **Nasjonalparkkonferanse.**

Verneområdeforvaltar var på nasjonalparkkonferanse i Trondheim 8.-9.november. To av styremedlemmene deltok og der, saman med styremedlemmar og forvaltarar frå heile landet.

Sentrale tema som vart tatt opp der var besøksstrategi, sårbarheitsanalyser, sykkel i verneområda, ulovlege forhold osv.

- **Delegert mynde**

Miljødirektoratet har delegert mynde til verneområdestyra for nokre av paragrafane i naturmangfaldlova som gjeld sanksjonar mot ulovlege forhold. Vi kjem tilbake til dette i ei eiga sak seinare i møtet.

- **Ny logo**

Ålfotbreen verneområdestyre har fått ny logo etter den nye profilen for norske nasjonalparkar. Den ser slik ut:



**Ålfotbreen
verneområdestyre**

- **Møte i Fagleg Rådgjevande utval**

I forkant av styremøtet skal Fagleg Rådgjevande utval ha møte. Innspel frå utvalet vil verte lagt fram for verneområdestyret.



**Ålfotbreen
verneområdestyre**

Arkivsaksnr: 2016/9-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 06.12.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	15/2016	16.12.2016

Ålfotbreen verneområdestyre - Instruks for handtering av ulovlege forhold

Forvaltninga av landskapsvernområdet, enten naturoppsyn eller styre, kan kome ut for saker der det er brot på reglane i verneforskrift eller anna lovverk. Eller at det er mistanke om slike brot. Då er det viktig å ha gode rutinar som sikrar at brot på regelverket vert fylgt opp av rette instansar.

Vidare er det viktig for tilliten til forvaltninga og for respekten for lovverket at dei rette reaksjonar og sanksjonar vert tekne i bruk når det er naudsynt.

Naturmangfaldlova har fleire verkemedel som kan brukast ved brot på regelverket. For enkelte av desse verkemedela har nasjonalpark- og verneområdestyra fått delegert mynde til å handheve regelverket og eventuelt sanksjonere i tråd med lova. Denne delegeringa av mynde gjer det ekstra viktig å ha gode rutinar på plass.

Forvaltaren har skrive eit framlegg til instruks. Styret bør i møtet gjere eventuelle endringar i instruksen og vedta ein instruks som regulerer handtering av ulovlege forhold.

Forvalters innstilling

Ålfotbreen verneområdestyre vedtek framlegg til *Instruks for handtering av ulovlege forhold*.

Vedtak:

Ålfotbreen verneområdestyre vedtok *Instruks for handtering av ulovlege forhold*.

Instruksen skal evaluerast innan styreperioden for det sitjande styret.

I saker som vert handtert og fulgt opp av Statens naturoppsyn skal styret haldast orientert.



**Ålfotbreen
verneområdestyre**

Arkivsaksnr: 2016/9-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 06.12.2016

Utval	Utvallsak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	16/2016	16.12.2016

Ålfotbreen landskapsvernområde - Bestillingsdialog for 2017

Verneområdestyret må sette opp og prioritere tiltak for bestillingsdialogen for 2017. I bestillingsdialogen kan det setjast opp tiltak som gjeld skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid. Tiltaka skal bidra til å sikre eller fremje verneverdiane og andre naturverdiar i og rundt verneområdet. Tiltaka skal ha unik prioritering.

Sjå vedlagt liste over aktuelle tiltak.

Vurderingar:

- Skal ein ha med alle dei tiltaka som står der i bestillingsdialogen for 2017? Er det tiltak som ikkje fell inn under postføremålet eller som ikkje er forvaltninga sitt ansvar/arbeidsområde?
- Er det tiltak som manglar på lista?
- Er kostnadssummane realistiske? (kan justere opp eller ned)
- Verneområdestyret må gjere ei unik prioritering av tiltaka

Vedtak:

Ålfotbreen verneområdestyre vedtok følgjande liste over tiltak i bestillingsdialogmøte 1:

Pri	Tiltak	Skildring av tiltaket	Samarbeids-aktørar	Gjennomførings-	Kostnads-overslag	Vidareføring av påbegynt?
1	Stien Hope - Lavesteinen	Utbetring av stien frå Hope til Lavesteinen. Denne stien skal verte hovudinnfallsport til landskapsvernområdet. Her er først og fremst behov for steinarbeid.	Grunneigarar, tenestekjøp, kommune, turlag	2017-2019	400 000	Ja, denne stien har vore jobba med tidlegare
2	Skilt	Bytte ut gamle og utdaterte turskilt med ny standard	Turlag, grunneigarar	2017	20 000	Nei
3	Reparere stige på merka rute	Stigen på den merka ruta frå Blåbrøbu til Ålfotbreen må reparerast eller skiftast ut.	Turlag, tenestekjøp	2017	20 000	Nei
4	Informasjons-skilt	Det skal settast opp eit informasjonsskilt i kvar av dei tre kommunane. Skilta skal stå ved veg eller anna knutepunkt. Skilta skal følge mal frå den nye merkevarerategien og prinsippa i besøksstrategien		2017	150 000	Nei
5	Ulike stiltak	Mindre tiltak på stiar som dukkar opp gjennom året	Turlag, grunneigarar, tenestekjøp	2017	40 000	Ja
			SUM		630 000	



Ålfotbreen verneområdestyre

Arkivsaksnr: 2016/9-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 06.12.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	17/2016	16.12.2016

Ålfotbreen verneområdestyre - Møteplan for 2017

Styret bør sette opp og vedta ein møteplan for det komande året.

I 2016 har styret hatt tre møter. Det vanlege har vore tre til fire møter kvart år. Med den forventa saksmengda vil det vere høveleg å halde møteverksemda på dette nivået. I følgje vedtektene bør styret tre saman minst fire gonger i løpet av året.

Konkrete datoar er det vanskeleg å sette opp før kommunane og fylkeskommunen har sett opp sine møteplanar for 2017. Når desse er klare er det lettare å finne datoar som ikkje kolliderer. Men vi kan allereie no sette opp omtrent kor tid det skal vere møter.

I samband med besøksstrategien kan ein legge opp til eitt eller fleire arbeidsmøter der ein jobbar med strategien. På slike arbeidsmøter kan det vere valfritt oppmøte.

Innstilling frå forvaltar

Ålfotbreen verneområdestyre legg opp til 4 møter i 2017:

- Arbeidsmøte besøksstrategi i februar/mars
- Styremøte med bestillingsdialogmøte 2 (prioritering av tildelte midlar) i mars/april
- Styremøte i september (dersom det er saker)
- Styremøte med bestillingsdialogmøte 1 (for 2018) i november

Datoar for dei enkelte møta vert sett når møtekalendarar til kommunar og fylkeskommune er klare.

Vedtak:

Ålfotbreen verneområdestyre legg opp til 4 møter i 2017:

- Arbeidsmøte besøksstrategi i 13.februar
- Styremøte med bestillingsdialogmøte 2 (prioritering av tildelte midlar) i mars/april
- Styremøte i september (dersom det er saker)
- Styremøte med bestillingsdialogmøte 1 (for 2018) i november

Datoar for dei tre siste møta vert sett når møtekalendarar til kommunar og fylkeskommune er klare.

ST 18/2016 Besøksstrategi for Ålfotbreen landskapsvernområde

Verneområdeforvaltaren la fram det som er gjort med besøksstrategi til no.

Verneområdestyret diskuterte ein del av dei strategiske spørsmåla som er ein del av strategiarbeidet.

Verneområdestyret skal arbeide vidare med besøksstrategi på arbeidsmøte 13.februar 2016.

ST 19/2016 Eventuelt

Ingen saker